Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for å sikre dei rettane medlemmene har etter arbeidsmiljølova. Det gjeld både det fysiske arbeidsmiljøet, som godt inneklima, gode kontorarbeidsplassar og møterom, og det psykososiale arbeidsmiljøet med ein god personal- og seniorpolitikk. Arbeidsgivarar på alle nivå må ta reelt ansvar for å leggje til rette arbeidet slik at det er tilpassa alderen, arbeidsevna og kompetansen til den enkelte arbeidstakaren, og slik at ikkje sjølvrespekten blir krenkt.

I dag opplever det pedagogiske personalet at dei ikkje har nok tid til å løyse oppgåvene sine. Den nye utdanningsorganisasjonen vil kjempe for ressursar og arbeidstidsordningar som gir nok tid til pedagogisk arbeid, leiing, samarbeid og utvikling.

Ei anna viktig oppgåve er å sikre rettsvernet til medlemmene i arbeidsforholdet. Det gjeld både når ein blir tilsett, i arbeidssituasjonen (også under interne omstillingsprosessar), og når ein sluttar i stilling.

Stadig fleire viktige avgjerder blir i dag tekne på arbeidsplassnivå. For å betre arbeidsmiljøet og arbeidsvilkåra er det difor nødvendig å styrkje medråderetten på arbeidsplassen. Dermed vil klubben spele ei stadig viktigare rolle for medlemmene. Gjennom hovudavtalen har den tillitsvalde ansvar for å ivareta rettane til medlemmene og høve til å påverke avgjerder. Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for å styrkje klubben som organisasjonsledd og for at den tillitsvalde på arbeidsplassen skal få meir å seie.

Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for ein god personalpolitikk, mellom anna ved at:

- **det pedagogiske personalet får styrkt medråderetten**
- **det pedagogiske personalet får nok tid til dei oppgåvene som er pålagde**
- **det pedagogiske personalet blir sikra eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø**
- **det pedagogiske personalet blir omfatta av ein god seniorpolitikk**
- **rettsvernet til medlemmene blir teke vare på**

### 5.3.3 Kompetansespørsmål

Ein ny utdanningsorganisasjon vil leggje vekt på at høg kompetanse skal vere ein viktig føresetnad for arbeid i barnehage, skule og høgre utdanning. Det gjeld både fagleg og pedagogisk kompetanse. Det vil bli lagt sterkare vekt på fagfordjuping di høgare opp i utdanningssystemet ein kjem. I dei studieførebuande linene i vidaregåande skule bør lærarar med universitetsutdanning vere det normale. Fleire enn i dag bør ha utdanning på hovudfagsnivå. Samla sett vil allmennlærarane vere den største gruppa i grunnskulen. Universitetsutdanna lærarar, også med hovudfag, bør ha ein naturleg plass i grunnskulen.

Ein ny utdanningsorganisasjon vil gå inn for strengare kompetansekrav i heile utdanningssystemet. Når det gjeld kompetansekrava på ungdomstrinnet, har organisasjonen som mål at langt fleire skal ha fagleg fordjuping på grunnfagsnivå. I den samanhengen er det viktig at arbeidsgivar legg til rette for at lærarar som i dag underviser på ungdomstrinnet, og som ikkje har slik fagfordjuping, kan ta relevant vidareutdanning. Det same må gjelde i andre samanhengar der kompetansekrava blir endra.

### 5.3.4 Barnehagen

Barnehagen skal vere eit offentleg pedagogisk tilbod til alle barn og ein del av utdanningstilbodet. Den nye utdanningsorganisasjonen vil halde fram kampen for å gi barnehagen reell status som ein del av utdanningssystemet. Eit viktig skritt vil vere å lovfeste retten til barnehage på same måten som retten til vidaregåande opplæring.

Den viktigaste oppgåva til barnehagen er å leggje til rette for leik, læring og omsorg. Rammeplanen legg vekt på kvardagslivet og det sosiale livet i barnehagen. Arbeid med spesielle fagområde

må bli naturleg innlemma i kvardagsaktivitetane og ikkje erstatte dei spontane, ikkje planlagde læringssituasjonane. Leik er grunnleggjande for barns utvikling.

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra arbeide for å sikre barna ein trygg og god barndom, samtidig som han førebur til skulegangen og det vidare livet. Tid, plass, kunnskap og kompetanse er viktige føresetnader for å skape ein god barnehage.

Leiarane i barnehagen er nøkkelpersonar med omfattande og tidkrevjande arbeidsoppgåver. Å leie ein barnehage i tråd med rammeplanen i ei tid med store krav til omstilling, fleksibilitet og brukartilpassing, inneber mange og krevjande lokale prosessar. Relevant kompetanseutvikling og tid til å utføre leiaroppgåvene er nødvendige føresetnader.

Heile det pedagogiske personalet må sikrast etterutdanning og få høve til å drive utviklingsarbeid.

Kommuneøkonomien fører til store skilnader kommunane imellom både i utbygginga av barnehagar og i kvaliteten på tilbodet. Manglande ressursar fører ofte til nedskjering i bemanninga og til større barnegrupper. Mange barnehagar har for små areal for barn og vaksne. Det fører til stort arbeidspress og eit dårleg arbeidsmiljø for dei tilsette.

Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for at barn skal få eit pedagogisk tilbod som er basert på kva som er best for barna, og som er tilpassa foreldra og lokalsamfunnet sine behov. Vi vil kjempe for auka ressursar til barnehagesektoren for å sikre god kvalitet på tilbodet og gi dei tilsette betre arbeidsforhold.

Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for at:

- **barnehagen skal vere ein del av velferdsstaten og medverke til likeverdige oppvekstvilkår**
- **alle barn skal ha rett til gratis barnehagetilbod**
- **barnehagen skal vere eit offentleg pedagogisk tilbod og ein del av utdanningssystemet**
- **barnehagen skal ha lovfesta standardar som sikrar fagleg kompetanse og god kvalitet**
- **styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagen skal ha førskulelærarutdanning**
- **barnehagen skal ha eit samfunnsmandat som slår fast kva for oppgåver han har**
- **barnehagen skal ha god nok bemanning og ikkje for store barnegrupper**
- **dei tilsette skal få etterutdanning for å møte krava i rammeplanen**

### 5.3.5 Skuleverket

Stadig fleire aktørar vil vere med og forme framtidsskulen. Arbeidslivet vil vere med og bestemme kompetansen til framtidas arbeidskraft. Foreldra stiller

større krav om innsyn og medverknad. Elevdemokratiet er styrkt, og elevane har fått meir å seie. Den pedagogiske forskinga utviklar ny kunnskap om undervisning og læring. Det skjer eit omfattande reformarbeid med utgangspunkt i politiske vedtak.

For oss som arbeider med utdanning, er den store offentlege interessa i utgangspunktet positiv. Dei nye utfordringane krev at vi som profesjon er aktivt med i vurderinga av skulen, og at vi engasjerer oss i den vidare utviklinga av skulen som samfunnsinstitusjon. Den nye utdanningsorganisasjonen vil forsvare den retten lærarane har til å påverke og til å kjempe for at ressursar og rammevilkår står i forhold til utfordringane.

Skuleleiarane er nøkkelpersonar i dagens skule og har fått svært vide ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Å leie ein skule i samsvar med grunnverdiane i læreplanane inneber at dei må gå inn i mange og krevjande prosessar lokalt. Det er heilt nødvendige føresetnader for god leiing at skuleleiarane får utvikla relevant kompetanse og tid til å utføre leiaroppgåvene.

5.3.5.1 Grunnskulen

Grunnskulen har ei vid og samansett samfunnsoppgåve, som han skal løyse i samarbeid med elevane sine føresette. Skulen skal vere allmenndannande og formidle eit felles kunnskaps- og verdigrunnlag, og han skal førebu elevane til vidare utdanning og til yrkes- og samfunnslivet. Det er understreka i læreplanen at undervisninga skal vere prega av praktiske arbeidsoppgåver, og at elevane skal lære å sjå samanheng mellom teori og praksis og mellom kunnskap og handling.

Skulen skal gi alle elevar gode vilkår for utvikling gjennom ei opplæring som er tilpassa den enkelte sine føresetnader og behov.

Samtidig har grunnskulen viktige oppsedarfunksjonar. Han skal lære elevane å utvikle sjølvstende og samarbeidsevne, hjelpe dei å utvikle haldningar til aktuelle samfunnsspørsmål og oppsede dei til aktive deltakarar i eit demokratisk samfunn.

Innhaldet og organiseringa i skulen må utviklast kontinuerleg for å møte desse utfordringane. Den nye utdanningsorganisasjonen vil kjempe for at lærarane skal få god grunnutdanning og etterutdanning, og at den enkelte skulen skal få høve til å drive utviklingsarbeid. Dei viktigaste føresetnadene for å få dette til, er at lærarane får tid og høve til å samarbeide, og at dei har pedagogisk handlingsrom.

Dårleg kommuneøkonomi fører til mangel på ressursar og større skilnader. Den nye utdanningsorganisasjonen vil kjempe for ein gratis offentleg einskapsskule med gode og likeverdige tilbod til alle. Eit viktig krav er å få nasjonale standardar for ressursinnsats i skulen.

Reform 97 representerer store utfordringar for grunnskulen. Etterutdanning, organisatoriske tiltak og skuleutbygging må vere i samsvar med desse utfordringane. Betre tilgang på læremiddel, mellom anna innanfor informasjonsteknologi, er viktig. På barnetrinnet er det innført eit nytt

klassetrinn, og førskulelærarane har komme inn som ny yrkesgruppe. Det nye småskuletrinnet blir prega av arbeidsmåtane i både skulen og barnehagen, mens mellomtrinnet representerer større fagbreidd og større variasjon i arbeidsmåtane.

Læreplanen for ungdomstrinnet legg vekt på prosjekt og allsidige og sjølvstendige arbeidsmåtar og på at elevane skal få større innverknad på og ansvar for sitt eige skulearbeid. Det krev at lærarane har god fagleg og pedagogisk kompetanse og tid til å løyse oppgåvene sine.

Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for:

- **betre etterutdanningstilbod og organisatorisk tilrettelegging**
- **auka lærartettleik for å kunne realisere måla for skulen og leggje undervisninga betre til rette**
- **meir tid til klassestyrarane og den sosialpedagogiske tenesta**
- **lågare klassedelingstal, spesielt på ungdomstrinnet**
- **betre arbeidstidsordningar**
- **lågare undervisningsplikt på ungdomstrinnet**
- **ein grunnskule utan foreldrebetaling**

Skulefritidsordninga (SFO) skal vere eit tilbod om fritidsaktivitetar, omsorg og tilsyn til dei yngste elevane før og etter skuletid. Gode SFO-tilbod må gi rom for leik og varierte aktivitetar under tilsyn av vaksne med nødvendig kompetanse for slikt arbeid. Erfaringane til no viser at SFO mange stader ikkje fungerer så godt som ho burde. Den nye organisasjonen vil arbeide for å styrkje SFO. Organisasjonen har som mål at:

- **tilbodet om SFO skal omfatte alle elevane på barnetrinnet**
- **ordninga skal vere gratis for foreldra**
- **SFO skal ha tilpassa lokale med god kvalitet**
- **det blir sett krav til bemanning og til kompetanse for personalet**

### 5.3.5.2 Vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring står i eit spenningsfelt mellom endring og tradisjon. Opplæringa må kontinuerleg utviklast for å møte elevane sine behov og nye krav og forventningar frå samfunnet. Ho skal mellom anna medverke til bevisstgjering, sjølvstende og kritisk refleksjon, førebu elevane til å ta samfunnsansvar og utvikle eit felles kunnskaps- og verdigrunnlag. Samtidig skal opplæringa formidle kulturarv og tradisjonar.

Opplæringa i den vidaregåande skulen skal ha høg fagleg kvalitet. Det krev at lærarane har solid fagleg og pedagogisk utdanning, og at dei har pedagogisk handlingsrom. Det krev også at lærarane får tilfredsstillande etterutdanning.

Tida og kompetansen til lærarane saman med gode læremiddel er viktige føresetnader for å kunne nå dei måla samfunnet har sett for skulen. I dag er det ikkje samsvar mellom ressursgrunnlaget og dei uttrykte ambisjonane for skulen. Den nye organisasjonen vil difor kjempe for fleire ressursar til vidaregåande opplæring.

Opplæringa i yrkesfag må gi tilstrekkeleg praktisk og teoretisk fagkunnskap og førebu elevane for yrkes- og samfunnslivet. Det må skje utan at opplæringa blir for generell og teoretisk.

Allmennfag og studieførebuande retningar i vidaregåande opplæring har vore forsømde under arbeidet med Reform 94. Den nye utdanningsorganisasjonen vil rette søkjelyset mot den plassen og den rolla allmenndanninga skal ha i samfunn og utdanning.

Vidaregåande opplæring må ha kapasitet og høve til å drive forsøks- og utviklingsarbeid og til å gi gode opplæringstilbod som er tilpassa ulike elevgrupper. Den offentlege vidaregåande skulen må også ha ei nøkkelrolle i opplæringa av vaksne.

Overgangen mellom ungdomstrinnet i grunnskulen og vidaregåande opplæring må bli betre slik at skulen får reelt høve til å leggje undervisninga til rette for alle elevar.

Læreplanar og opplæringsmodellar må bli meir fleksible for å møte behova frå heile elevmassen. Spesielt gjeld det for elevar med særleg stort behov for individuell tilpassing av opplæringa og for vaksne søkjarar.

Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for:

- **betre etterutdanningstilbod**
- **auka lærartettleik for å kunne realisere måla for skulen og leggje undervisninga betre til rette**
- **meir tid til klassestyrarane og rådgivingstenesta**
- **betre arbeidstidsordningar**
- **ivareta og vidareutvikle særpreget til allmennfaga og yrkesfaga**
- **meir fleksible organiseringsmodellar**
- **at den offentlege vidaregåande skulen skal spele ei sentral rolle i vaksenopplæringa**

### 5.3.6 Høgare utdanning

Høgare utdanning ved skal ivareta samfunnet sine behov for å utvikle ny kunnskap og utdanne høgt kvalifisert arbeidskraft. Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for at offentlege universitet og høgskular skal gi tilbod om undervisning av høgaste kvalitet.

Forsking og undervisning er dei to viktigaste oppgåvene i universitets- og høgskulesektoren. Ein ny utdanningsorganisasjon vil arbeide for at sektoren får budsjettrammer som sikrar høg kvalitet på begge desse områda. Det er mellom anna viktig at sektoren har økonomisk evne og fridom til å prioritere grunnforskinga. Undervisninga ved universitet og høgskular skal vere forskingsbasert, det vil seie at det er nær samanheng mellom forskinga i faget og undervisninga.

Innhaldet og kvaliteten i lærarutdanningane er eit viktig verkemiddel for å sikre gode og likeverdige tilbod i barnehage og skule. Det pedagogiske personalet er nøkkelpersonar for å sikre kvaliteten. I dag er det stadig færre som ønskjer å utdanne seg til førskulelærarar og lærarar. For både styresmaktene og den nye organisasjonen vil det vere ei viktig oppgåve å gjere pedagogisk arbeid meir attraktivt for unge menneske.

Både universiteta og høgskulane spelar ei viktig rolle i lærarutdanninga. Mangfaldet i norsk lærarutdanning har vore avgjerande for å sikre pedagogisk og fagleg kvalitet i heile utdanningsløpet. For å ta vare på dette er det viktig at lærarutdanninga blir tilpassa kompetansekrava og kompetansebehova på ulike nivå i utdanningssystemet. Allmennlærarutdanninga må framleis vere minst fire år. Førskulelærarutdanninga, yrkesfaglærarutdanninga og anna faglærarutdanning må òg vere minimum fire år. Det er også viktig at ein ved eventuelle endringar i gradsystemet sikrar at universiteta framleis skal spele ei viktig rolle som lærarutdanningsinstitusjonar.

Det er viktig å sjå forsking og utviklingsarbeid som ein del av kunnskaps- og profesjonsutviklinga. Også innanfor lærarutdanningane må forsking ha ein sentral plass. Det er særleg viktig å styrkje den forskinga som er nær knytt til det pedagogiske arbeidet i barnehagar, skular og opplæringsinstitusjonar. Det må også knytast nærare band mellom forsking og FOU-arbeid, og lærarane bør involverast meir i forskingsarbeidet. Det er eit offentleg ansvar å syte for tilstrekkeleg økonomisk handlingsrom og på annan måte sjå til at forskinga i nødvendig grad avspeglar det samfunnsmandatet institusjonane har.

Ein ny utdanningsorganisasjon vil arbeide for å styrkje sambandet mellom barnehagen, skuleverket og universitets- og høgskulesektoren. For å få det til må det etablerast nye fora for gjensidig informasjonsutveksling, samarbeid og påverknad.

Den nye utdanningsorganisasjonen vil arbeide for at:

- **høgare utdanning og forsking må få auka løyvingar**
- **forsking, undervisning og praksisopplæring skal halde høg kvalitet**
- **allmennlærarutdanninga, førskulelærarutdanninga, yrkesfaglærarutdanninga og anna einskapleg faglærarutdanning må vere minst fireårig**
- **lærarutdanningane blir tilpassa kompetansekrava på dei ulike nivåa i utdanningssystemet**
- **det blir stilt krav om praktisk-pedagogisk utdanning ved tilsetjing i vitskaplege stillingar ved høgskular og universitet**
- **tilbod om etter- og vidareutdanning på høgare nivå primært skal vere ved universitet og høgskular**

### 5.3.7 Folkehøgskulen

Folkehøgskulen er eit sjølvstendig skuleslag med eiga lov. Skuleslaget står i ein folkeopplysningstradisjon der samtale og dialog er sentralt. Denne tradisjonen er det viktig å forsvare, og ein ny utdanningsorganisasjon vil arbeide for å halde

oppe folkehøgskulen som eit frittståande skuleslag utan fast pensum eller eksamen. Folkehøgskulen kan ha særeigne fagtilbod, og han må framleis ha høve til å rekruttere spesifikk kompetanse for å kunne gi slike tilbod.

Den realkompetansen folkehøgskulen gir, bør gi tilleggspoeng ved opptak til studium og annan skulegang.

Ein ny utdanningsorganisasjon vil arbeide for at også folkehøgskulen skal spele ei aktiv rolle som tilbydar av etter- og vidareutdanning.

### 5.3.8 Spesialpedagogikk/ spesialundervisning

Ein ny utdanningsorganisasjon vil organisere pedagogar som arbeider på det spesialpedagogiske feltet i heile utdanningssystemet. Arbeidsfeltet vil spenne frå opplæring og rettleiing til forsking og utvikling.

Det må sikrast tilstrekkelege ressursar til den opplæringa som er tilrådd etter sakkunnig vurdering. Kvaliteten i tilbodet må sikrast ved at pedagogisk arbeid blir utført av personale med spesialpedagogisk kompetanse. For å kunne realisere god opplæring og utvikling for alle barn, unge og vaksne, må også det spesialpedagogiske støttesystemet styrkjast. Ein må få til gode samarbeidsrutinar med andre etatar.

### 5.3.9 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring er i dag ein stor og viktig utdanningsmarknad. Med etter- og vidareutdanningsreforma (EVU-reforma) vil denne marknaden bli enda større. Det offentlege utdanningssystemet vil både tilby og gjere bruk av utdanningstenester når denne reforma blir innført.

Det er eit mål for ein ny utdanningsorganisasjon at offentlege utdanningsinstitusjonar skal gå aktivt ut og tilby etter- og vidareutdanning. Dette vil stille nye krav både til lærarkompetanse og til organisering og tilrettelegging . Nye undervisnings- og læringsformer kan utviklast i spenningsfeltet mellom tradisjonell skule og meir marknadsretta opplæring. Dette vil også kunne stimulere til auka samspel mellom skule og lokalt næringsliv.

Ein ny utdanningsorganisasjon vil også arbeide aktivt for å sikre etterutdanningsinteressene til medlemsgruppene i EVU-reforma. Éin måte å gjere dette på er at organisasjonen sjølv etablerer eit kompetansesenter som utviklar og tilbyr etterutdanning for medlemmene. Eit slikt tiltak må ikkje redusere det ansvaret arbeidsgivar har for å gi etterutdanning. Det er også viktig å styrkje universitet og høgskular som etterutdanningsinstitusjonar for lærarar og førskulelærarar.

Større vekt på realkompetanse er også eit resultat av EVU-reforma. I den samanhengen er det viktig at offentlege utdanninginstitusjonar spelar ei sentral rolle i vurderinga av realkompetansen. Reforma må ikkje føre til generell svekking av kompetansekrava. Organisasjonen vil gå imot svakare kompetansekrav for lærarar i vaksenopplæringa enn i anna undervisning.

### 5.3.10 Leiing

Læring og utvikling er primæroppgåva for skulen og barnehagen. Å leggje til rette, organisere og leie ein god læringsprosess er ikkje berre den viktigaste oppgåva, men også den mest omfattande og krevjande oppgåva for leiaren. I dette ligg alt frå å gjere om utdanningspolitiske vedtak til gode læringstiltak og til å rettleie og inspirere både høgt utdanna fagfolk og barn, unge og vaksne i det daglege arbeidet.

Dette er hovudgrunnen til at den nye organisasjonen vil stå fast på at leiarar i skule og barnehage må ha pedagogisk utdanning og praksis.

Leiarane er nøkkelpersonar i utviklinga av skular og barnehagar. Utviklingsorienterte leiarar følgjer med i den pedagogiske og faglege debatten og skaper fora for dialog og diskusjon om pedagogiske spørsmål. Det er nær samanheng mellom skule- og barnehageutvikling, profesjonsutviklinga til lærarar og førskulelærarar og god leiing.

Leiarar i skule og barnehage møter ofte motstridande krav og forventningar. Rådande styringsideologi på 90-talet har lagt vekt på at leiarane skal vere lojale overfor arbeidsgivar og overordna styresmakt. Når ein skal vege mot kvarandre motstridande lojalitetskrav frå ulike interessentar, må det leggjast til grunn at det viktigaste er å sikre rettane til barn og unge. I slike situasjonar må leiaren byggje på røynslene sine og sitt eige faglege og profesjonelle skjønn.

Ein ny utdanningsorganisasjon vil leggje vekt på at det er ein styrke for skule og barnehage at leiarar og lærarar/førskulelærarar er organiserte i same organisasjon. På den måten understrekar vi fellesskapet. Det overordna målet for begge gruppene er å skape ein best mogleg skule eller barnehage for barn, unge og samfunn. Felles organisering vil også vere viktig motvekt mot den sterke arbeidsgivarfokuseringa på rektor- og styrarrolla.

## *5.4 Lønnspolitikk*

Utdanningssektoren er ein berebjelke i det moderne velferdssamfunnet. Behovet for kompetanse er aukande. Utdanninga skal bidra til personleg utvikling, styrkje dei demokratiske verdiane og binde samfunnet saman. Auka kompetanse vil stimulere til innovasjon, produktivitet og økonomisk vekst. Det er brei semje om at utdanning er ein dominerande faktor for økonomisk vokster og utvikling. I tillegg har trygg oppvekst og god utdanning svært mykje å seie for den enkelte.

Det er avgjerande at utdanningssektoren har eit lønnsnivå som gjer det lettare å rekruttere og behalde godt kvalifiserte arbeidstakarar. Då må vi ha eit lønnsnivå som gir utteljing for utdanninga, kompetansen og ansvaret til arbeidstakarane. Det skal lønne seg for den enkelte å investere i eiga utdanning. Å heve lønnsnivået for medlemmene vil vere ei hovudoppgåve for den nye organisasjonen.

Lønnsnivået for pedagogisk og vitskapeleg personale ved universitet og høgskular må reflektere at dei er profesjonelle yrkesutøvarar med høg kompetanse. Det

er også viktig for at sektoren kan rekruttere dei best kvalifiserte og konkurrere med private verksemder om arbeidskrafta. Ein ny utdanningsorganisasjon vil difor arbeide for ei sterk betring av lønnsnivået i universitets- og høgskulesektoren som del av eit generelt lønnslyft for medlemsgruppene.

I dag er lønnsnivået for mange medlemmer mykje lågare enn det utdanning, kompetanse og ansvar tilseier. Det er også tilfellet for mange andre kvinnedominerte yrkesgrupper. Eit viktig mål for ein ny utdanningsorganisasjon er at det skal vere likelønn mellom kvinnedominerte og mannsdominerte yrkesgrupper med same eller likeverdig utdanning, kompetanse og ansvar.

For å nå måla om likelønn vil det vere nødvendig å nytte ulike verkemiddel innanfor dei ulike tariffområda. Vi vil bruke alle tilgjengelege middel i ein balansegang mellom opinionsdanning, dialog, diplomati, politisk press og kamp.

Det er eit hovudmål for organisasjonen å sikre medlemmene trygge tilsetjingsforhold og gode lønnsvilkår, arbeidsvilkår og pensjonsvilkår. Dette kan best skje gjennom kollektive tariffavtalar, som også må sikre reell medråderett. Det er difor eit mål å sikre alle medlemmer kollektive tariffavtalar.

Organisasjonen vil arbeide for at offentlege tilskott til private verksemder berre blir gitt under føresetnad av at det er inngått tariffavtalar med organisasjonane til dei tilsette.

Vi vil byggje opp eit sterkt forhandlingsapparat og arbeide for at forhandlingar skal skje mellom likeverdige partar. Vi vil kjempe for å sikre og utvide streikeretten til arbeidstakarane. Vi vil motarbeide forsøk på å innskrenke forhandlingsretten og streikeretten.

For å sikre medlemmene gode lønnsvilkår og god lønnsutvikling meiner den organisasjonen at hovuddelen av lønnsdanninga skal skje gjennom sentrale forhandlingar. Det vil difor vere svært viktig at dei sentrale tillegga har ein profil som tener alle medlemsgruppene.

Lokale forhandlingar skal skje gjennom reelle forhandlingar og ved objektive kriterium som kan etterprøvast. Kriteria for lokale lønnstillegg skal ha legitimitet blant medlemmene. Organisasjonen vil aktivt bruke forhandlings- og drøftingsbestemmelsane for fastsetjing av lønn ved tilsetjing, endra ansvars- og arbeidsoppgåver eller andre forhold som blir omfatta av bestemmelsane "særleg grunnlag".

Det er eit mål at arbeidstakarane skal få ein større del av verdiskapinga i samfunnet. Vi vil difor kjempe for romslege økonomiske rammer innanfor dei aktuelle tariffområda. Styrken til organisasjonen vil vere avgjerande for at vi skal få dette til, samtidig som vi vil søkje alliansar med andre arbeidstakarorganisasjonar som vil arbeide for den same saka.

Organisasjonen vil ha desse lønnspolitiske måla:

- **Lønnsnivået til medlemmene skal hevast**
- **Lønn skal baserast på utdanning, kompetanse og ansvar**
- **Likelønn mellom kvinnedominerte og mannsdominerte yrke**
- **Utdanning må gi betre utteljing i lønn**
- **Lønns- og forhandlingssystemet må sikre utdanningssektoren høgt kvalifisert pedagogisk arbeidskraft**
- **Forhandlingsretten, likeverdet mellom partane og streikeretten må sikrast**
- **Alle medlemmer må vere omfatta av kollektive tariffavtalar**
- **Studiefinansieringa må bli betre, med låg lånerente og større stipenddel**
- **Gode arbeidsvilkår må gjere det attraktivt for seniorar å stå lenger i yrket**
- **Pensjonsordningane må forsvarast og utviklast vidare**
- **Lønnsdifferensiering i lokale/bedriftsvise forhandlingar skal baserast på ein lønnspolitikk med objektive kriterium som kan etterprøvast. Den lokale lønnspolitikken må ha legitimitet hos medlemmene.**

Spesielt for ulike medlemsgrupper:

- **Staten skal vere forhandlingsmotspart i skuleverket**
- **I kommunesektoren må vi sikre forhandlingsretten og auke forhandlingsstyrken gjennom alliansar**
- **Vi vil setje søkjelyset på lønns- og forhandlingssystemet for medlemmer som arbeider i universitets- og høgskulesektoren og i statlege verksemder**
- **Medlemmer i privat sektor må få kollektive tariffavtalar og betre pensjonsrettar**

Organisasjonen vil prioritere arbeidet med å heve lønnsnivået til medlemmene. Utdanningsorganisasjonen har styrke og kompetanse til å nå dette målet. Det krev likevel samhald, solidaritet og kampvilje blant medlemmene.

# 6. Organisasjonens plass i forhandlingssystemet

Norsk Lærerlag og Lærerforbundet har, sammen med Norsk Sykepleierforbund (NSF) og Politiets Fellesforbund (PFF), iverksatt en utredning med sikte på dannelse av en ny hovedorganisasjon. Utredningsarbeidet vil bli sluttført i løpet av mai 2001.

De enkelte organisasjoner vil deretter gjennomføre organisasjonsmessig behandling av saken.
Spørsmålet om hvorvidt den nye utdanningsorganisasjonen skal slutte seg til en hovedorganisasjon med NSF og PFF, eller satse på en frittstående status, vil bli sluttbehandlet gjennom egen sak på stiftelseskongressen.

# 7. Medlemsblad - andre medlemstilbud

## 7.1 Medlemsblad

Ny utdanningsorganisasjon vil fra 1. januar 2002 gi ut medlemsblad/fagblad som går til alle medlemmene. Dette bladet skal dekke organisasjonen og hele utdanningssystemet – fra barnehage til høgskole og universitet – og være underlagt de normale, presseetiske retningslinjer som gjelder for norsk presse. Det er ikke tatt endelig stilling til utgivelsesfrekvensen, men bladet vil få noen færre utgaver enn det Norsk Skoleblad/Norsk Førskolelærerblad har og flere enn det Skolefokus har i dag. Bladet skal også ha sin egen nettutgave som blir daglig oppdatert.

Ny utdanningsorganisasjon vil videreføre og videreutvikle eksisterende fagblader (Spesialpedagogikk, Bedre skole og Magasin for ledere), samtidig som også nye tilbud vurderes.

## 7.2 Internett

I tillegg til at alle medlemmer vil få tidsskrift/medlemsblad som en del av medlemstilbudet vil også nyheter, lønnstabeller, lov og avtaleverk og annen informasjon bli tilgjengelig på internett. Dette tilbudet vil bli bygget vesentlig ut i forhold til dagens ordninger.

## 7.3 Forsikring

Begge organisasjonene har i dag gode forsikringstilbud til sine medlemmer. Ny utdanningsorganisasjon vil fra og med 01.01.2002 tilby sine medlemmer følgende forsikringsordninger:

- Kollektiv hjem/innboforsikring
- Kollektiv reiseforsikring
- Kollektiv gruppelivsforsikring eventuelt inkludert familieulykkesforsikring
- Frivillige tilleggsforsikringer:
  - Gruppeliv for medlem og ektefelle/samboer
  - Uførekapital for medlem og ektefelle/samboer

I tillegg vil det bli rabattordninger på individuelle forsikringer i det/de selskap(er) som blir organisasjonens samarbeidspartner(e).

## 7.4 Finanstjenester

Medlemmene vil få tilbud om spare/kredittordninger, tilsvarende eller tilnærmet lik hva begge organisasjonene har tilbud om i dag. Slike ordninger vil også være tilgjengelige fra 01.01.2002.

## 7.5 Andre tjenester

Med et medlemstall på ca 130 000 vil den nye utdanningsorganisasjonen også kunne oppnå betydelige rabattordninger på andre typer av varer og tjenester. Dette arbeides det med, men det er ikke tatt noen beslutninger på området.

# 8. Økonomi

De økonomiske ressursene er redskap for å nå utdanningsorganisasjonens mål. Med utgangspunkt i dette, skal anvendelsen av de ressurser man rår over føre til at:

- organisasjonen fungerer slik at medlemmet oppfatter den som det beste organisasjonstilbudet for seg
- organisasjonen blir et effektivt og velfungerende redskap for medlemmenes tillitsvalgte for å løse oppgaver og nå de mål som settes
- det velges løsninger som gir best mulig resultat av medlemmenes kontingent- innbetalinger i forhold til arbeidsmålene
- det er en god balanse mellom ressurser til løpende oppgaver og avsetninger som gjør organisasjonen til en sterk kamporganisasjon

## *8.1 Styringsansvar*

De økonomiske rammene for organisasjonen fastsettes gjennom kontingentsatser, kontingentsystem samt kontingentfordeling til områder og nivåer. Det er naturlig at denne myndighet er lagt til landsmøtet.

Det er til vanlig de organer som forestår den løpende virksomheten på ulike nivåer i organisasjonen, som får ansvar for utarbeiding av budsjetter og den øvrige økonomisk planleggingen for sitt område. Disse organene vil være ansvarlig for regnskap, internkontroll og økonomisk styring.

Økonomisk planlegging og oppfølging får et betydelig omfang i en ny, stor utdanningsorganisasjon. Det må derfor satses på profesjonell bemanning samt felles regelverk og løsninger på alle nivåer. Målsettingen er innsikt for dem som er ansvarlig for organisasjonsarbeidet og oversikt for dem som skal føre kontroll med virksomheten.

Det legges opp til at fylkesnivået tillegges ansvar for økonomisk styring og kontroll når det gjelder underliggende ledd i organisasjonen. Dette vil gi mulighet for en profesjonell håndtering av den økonomiske driften også for underliggende ledd og dermed mulighet for økt fokus på primæroppgavene for organisasjonen.

Organisasjonsstruktur vurderes nå ut fra de løsninger som foreslås. Oppgavefordelingen i den nye organisasjonen er på det nåværende tidspunkt ikke klarlagt. Det er derfor ikke mulig å legge fram beregninger eller vurderinger når det gjelder oppgaveomfang og ressursbruk på det nåværende tidspunkt. En foreløpig utredning på dette området vil imidlertid foreligge før de ekstraordinære landsmøtene i juni 2001.

Man må imidlertid regne med en overgangsperiode preget av tilpasning og omstilling også på underliggende nivåer. Det vil oftest være en fordel at retningslinjer og økonomi legges opp etter det man definerer som normalsituasjonen. Det er derfor nødvendig å vurdere behovet for økonomiske ressurser særskilt på disse nivåene i en periode av 2 til 3 år. Tilpasningen til en normalmodell bør skje gradvis i tråd med utviklingen av organisasjonens endelige form og oppgavefordeling.

**Økonomiske ressurser i Norsk Lærerlag og Lærerforbundet**

1999-nivå, 000 NOK

| Nivå | Samlet | Drift | Fond | Andre øremerkete ord. |
|---|---|---|---|---|
| Landsplan | 174 624 | 159 920 | 8 126 | 6 578 |
| Fylkesplan | 90 758 | 90 758 | - | - |
| Lokalplan/klubbnivå | 66 277 | 66 277 | - | - |
| Sum | 331 659 | 316 955 | 8 126 | 6 578 |

## *8.2 Samlet økonomi i den nye organisasjonen*

Det er vanskelig å gi en fullgod oversikt over de økonomiske rammene for en ny utdanningsorganisasjon. Til det er det ennå for mange "brikker" som ikke er på plass. Enda vanskeligere er det å gi en oversikt over ressursanvendelsen. Nedenfor er det imidlertid gitt en oversikt over hvilke økonomiske ressurser de 2 organisasjonen rår over i dagens situasjon.

## *8.3 Vesentlige endringer i økonomien*

Selv om mange forhold knyttet til kostnadsbildet ennå ikke er klarlagt, kan det være nyttig å foreta en oppsummering av faktorer som direkte eller indirekte er tatt opp i grunnlagsdokumentet for øvrig:

- I en overgangsperiode vil det både når det gjelder organisasjonsdrift og sekretariatsdrift bli snakk om "dobbelt hushold". På lik linje med situasjonen i de underliggende ledd, vil omstillingskostnader og tilpasning av systemer/løsninger erfaringsmessig gi merkostnader uten at vi her kan angi noe eksakt beløp.
- Innføring av kontingenttak for alle medlemmer, vil føre til en mindreinntekt for medlemmer fra Norsk Lærerlag
- Bortfall av lokale kontingenter (Norsk Lærerlag) med om lag 10 mill. Det må forutsettes at aktiviteten på lokalplan vil bli minst den samme som i dag. Dette vil nødvendiggjøre en ekstra økonomitilføring til lokalplanet fra 2002 særlig med henblikk på større lag som tidligere har selvfinansiert frikjøp.
- Kostnaden av organisering av arbeid i 5 seksjoner sammenliknet med nåværende struktur er ukjent.
- Eventuell etablering av - eller innmelding i - en hovedorganisasjon vil føre til en merkostnad i forhold til dagens situasjon der bare Lærerforbundet har en slik tilknytning

Etter hvert som organisasjonsdriften tilpasses en normalsituasjon, vil innsparinger når det gjelder sekretariatshold, frikjøp, administrasjonsutgifter og informasjon kunne oppnås som en følge av at 2 blir 1. Om disse innsparte ressursene skal brukes til å styrke og forbedre vedkommende område, eller skal overføres til nye områder, er beslutninger som bør utstå.

Returadresse:
**Lærerforbundet / Norsk Lærerlag**
**Postboks 5003 Majorstua**
**0301 OSLO**

NORSK LÆRERLAG


**Norsk Lærerlag**
**Rosenkrantz gate 15, 0160 Oslo**
**Telefon: 22 00 20 00**
**Telefaks: 22 00 21 50**
**E-mail: postkasse@norsk-larerlag.no**
**Internett: www.norsk-larerlag.no**


LÆRERFORBUNDET


**Lærerforbundet**
**Wergelandsveien 15, 0167 Oslo**
**Telefon: 22 03 00 00**
**Telefaks: 22 11 05 42**
**E-mail: larerforbundet@larerforbundet.no**
**Internett: www.larerforbundet.no**



Grafisk Kommunikasjon AS - Ulf B. Amundstad - 73 52 44 00. 132 000.05.01